asplan
viak

ROS-analyse

Kommuneplanens arealdel for Hjartdal kommune

ROS-analysen omfatter nye arealer i kommuneplanens arealdel.



Dato: 27.05.2025

asplanviak.no

Versjon: **02**

asplan
viak

Dokumentinformasjon

Oppdragsgiver:	Hjartdal kommune
Tittel på rapport:	ROS-analyse
Oppdragsnavn:	Kommuneplanens arealdel
Oppdragsnummer:	642077-01
Utarbeidet av:	Emma Kuskemoen
Oppdragsleder:	Sissel Mjølsnes
Tilgjengelighet:	Åpen

Kort samandrag

ROS-analysa omfattar ei oppsummering av uønska hendingar som heng saman med arealbruk frå «Heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse» for Hjartdal kommune, sist endra 02.05.2024.

Nye utbyggingsområde som er tatt inn i KPA i denne rulleringa er vurdera i tråd med de aktuelle uønska hendingane frå den overordna ROS-analysa.

Det er laga ei samletabell i det avsluttande kapittelet med risiko og forslag til tiltak for de ulike områda.

Forslaga til tiltak er ivareteke i planforslaget, og risikoen vurderast som akseptabel for dei nye utbyggingsområda i planen.

Ver	Dato	Beskrivelse	Utarb. av	KS
03	27.mai 2025	Revidert etter 1. gangs handsaming før utlegging og høyring	SM	
02	20.mar. 2025	Revidert ROS-analyse for arealer som er tatt med inn i ny kommuneplan	EK	LK
01	24. jan. 2025	ROS-analyse av alle arealinnspill etter politisk behandling	EK	LK

Innhaldsliste

Dokumentinformasjon 1

Kort samandrag 1

Innhaldsliste 2

1. Metode 4

2. Overordna vurdering 9

2.1. Ekstremvær – vind og nedbør 11
2.2. Flaum i hovedvassdrag (Hjartdøla/Heddøla, Skogsåa) 12
2.3. Skred (snø-, sørpe-, stein-, jord- og lausmasseskred) 13
2.4. Veg - Større trafikkulukke, tungbilulukke, ulukke i tunnel og bussulukke 14
2.5. Stor brann 15
2.6. Skogbrann 16
2.7. Dambrudd i Hjartdølavassdraget 17
2.8. Vassforsyning 18
2.9. Svikt i avløp 19
2.10. Energiforsyning 20
2.11. Langvarig utfall av telefoni/mobiltelefoni, datakommunikasjon, datanettverk og alarmsystem 21

3. Vurdering av nye utbyggingsområder 22

3.1. Oversikt over nye areal for utbygging i kommuneplanen 22
3.2. Vurdering av innspillsområder 24

3.2.1. Nr 39 Sauland, 66/1 24
3.2.2. Nr 50 Sauland, 72/2 26
3.2.3. Nr 51A Dalen aust 27
3.2.4. Nr 51B Dalen vest 28
3.2.5. Nr. 36 Alpelandsbyen Tuddal 30
3.2.6. Nr 6 Tuddal, 107/3 31
3.2.7. Nr 15 Tuddal, 97/126 33
3.2.8. Nr 53, 94/5 34
3.2.9. 46A Gvålsheia hyttefelt 36

3.2.10. 9A Kovstulheia 37
3.2.11. Nr. 48A Bøehaugen 39
3.2.12. Nr 48B Kleppen 40
3.2.13. Nr. 48D Kleppen 42
3.2.14. Nr. 48E Kleppebakken 44
3.2.15. Nr. 26B Skiløype Ålamoen 45
3.2.16. Nr. 26A Turveg Sauland 47
3.2.17. Nr. 42J Sjotmoen 48
3.2.18. Nr. 45 Nordre Kjelldalen solcellepark 50
3.2.19. Nr. 55 Tuddal, Kovstul, 97/1, 97/2 51
3.2.20. Nr. 23 Kovstulvatnet/Toskjærvatnet 52
3.3. Oppsummerande tabell 53

1. Metode

ROS-analysen omfattar:

- Risiko- og sårbarheitsforhold som er vesentleg for å ivareta samfunnssikkerheit
- Forhold i omkringliggande områder som kan få konsekvensar for samfunnet
- Moglege konsekvensar av utbygginga for omkringliggande områder
- Endringar i risiko- og sårbarheitsforhold som følge av planlagt utbygging
- Risiko- og sårbarheitsforhold i kombinasjon, herunder vurdering av endra konsekvensar når det vert lagt på klimapåslag for relevante naturforhold
- Vurderingar av om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å vurdere risiko og sårbarheit, eller om ROS-analysen må følgjast opp gjennom nærmare kartleggingar.

Risiko for skadar på naturmiljø, kulturmiljø og andre ytre miljø goder inngår ikkje i ROS-analysen, men vert vurdert i planomtalen og relevante fagrapportar.

ROS-analysen omhandlar permanent fase, etter gjennomføring av plan. Forhold i anleggsfase er regulert gjennom anna regelverk, blant anna byggherreforskrifta, og det er forutsett her at dette regelverket vert følgt. Hendingar i anleggsfasen vert derfor ikkje analysert i denne ROS-analysen med mindre det kan gi verknader etter anleggsfasen. Forhold som gjeld byggverk er forutsett ivareteke gjennom krava i TEK17.

Analysen er gjennomført i tråd med metodikk som er beskrive i DSB sin rettleiar for ROS-analyser (2017). Ei oversikt over desse trinna og i kva slags deler av rapporten dei er ivaretekne i er presentert under.



Figur 1-1 Trinna i ROS-analysen (DSBs veileder 2017).

Overordna ROS-analyse er nytta for å **identifisere/avklare moglege uønska hendingar.**

Identifisera moglege uønska hendingar er nærare vurdera med omsyn til sannsyn, konsekvensar, risiko og usikkerheit. Denne vurderinga er vist i eit analyseskjema for kvar av dei aktuelle hendingane.

Sannsynvurdering vert ofte brukt som mål for kor sannsynleg det er at ei bestemt uønska hending vil inntreffe innanfor planområdet, innanfor eit tidsrom, gitt vårt kunnskapsgrunnlag.

Sannsynskategoriar for planROS:

SANNSYN	TIDSINTERVALL	SANNSYN PR. ÅR
Høg	Oftare enn 1 gang i løpet av 10 år	> 10 %
Middels	1 gang i løpet av 10-100 år	1-10 %
Låg	Sjeldnare enn 1 gang i løpet av 100 år	< 1%

Sannsynsvurdering for flaum og stormflo:

F	SANNSYN	TIDSINTERVALL	SANNSYN PR. ÅR
F1	Høg	En gang i løpet av 20 år	1/20
F2	Middels	En gang i løpet av 200 år	1/200
F3	Låg	En gang i løpet av 1000 år	1/1000

Sannsynsvurdering for skred:

S	SANNSYN	TIDSINTERVALL	SANNSYN PR. ÅR
S1	Høg	Ein gang i løpet av 100 år	1/100
S2	Middels	Ein gang i løpet av 1000 år	1/1000
S3	Låg	Ein gang i løpet av 5000 år	1/5000

Konsekvens er den verknaden ei uønska hending kan få for planområdet. Konsekvenstypane tar utgangspunkt i:

- Liv og helse – blir vurdert ut frå tal omkomne, skadde eller andre som er påført helsemessige belastninga på grunn av den uønska hendinga.
- Stabilitet – blir vurdert ut frå konsekvensar for befolkninga som vert røyrd av hendinga gjennom svikt i kritiske samfunnsfunksjonar, og som kan bidra til manglande tilgang på mat, drikke, husly, varme, kommunikasjon, framkomst etc,
- Materielle verdiar – blir vurdert ut frå direkte kostnader som følge av den uønska hendinga i form av økonomiske tap knytt til skade på eigendom.

Det er først og fremst dei uønska hendingane sin verknad for befolkninga (ikkje natur) som er grunnlaget for vurderingane.

KONSEKVENSVURDERING			
	Konsekvenskategoriar		
Konsekvenstypar	Store	Middels	Små
Liv og helse	Ulykke med dødsfall eller personskade som medfører varig mén; mange skadd	Ulykke med behandlingskrevjande skadar	Ingen alvorleg/ få/små skader
Stabilitet	System vert sett varig ut av drift	System vert sett ut av drift over lengre tid	Systembrot er uvesentleg
Materielle verdiar	Uoppretteleg skade på eigendom	Alvorleg skade på eigendom	Uvesentleg skade på eigendom

Risiko er eit produkt av sannsyn og konsekvens. Dei aktuelle hendingane vert synleggjort i risikokategoriane grøn, gul og raud. For hendingar i raude områder er risikoreduserande tiltak påkravd, for hendingar i gule områder bør tiltak vurderast, mens hendingar i grøne områder inneber ein akseptabel risiko.

SANNSYN	KONSEKVENSAR			
		Små	Middels	Store

	Høg (> 10%)			
	Middels (1-10%)			
	Låg (<1%)			

Sårbarheitsvurderinga tek for seg evne til motstand og gjenoppretting på planområdet som følge av den uønska hendinga.

Risikovurdering av naturhendingar av typen *flaum, stormflo og skred*, er gitt spesielle reglar gjennom Byggteknisk forskrift (TEK17), kapittel 7. Utgangspunktet er at byggverk skal plasserast og utførast slik at det vert oppnådd tilfredsstillande sikkerheit mot skade eller vesentleg ulempe frå naturpåkjenningar. Også endringar i forutsetningar for skade for eksisterande bygg skal vurderast (jf. TEK 17, §7-1).

Risiko for denne type naturhendingar reknast som aktuell dersom planområdet fell innanfor NVE sine landsdekkande aktsemdskartleggingar eller dersom andre eigenskapar ved terreng og lausmasseforhold tilseier skred- eller flaumfare i området. På reguleringsplannivå skal det utarbeidast faresonekart av personar med dokumentert kompetanse innan aktuelt fagområde. I enkelte områder og kommunar kan det allereie vere utarbeidd områdevise faresonekart forut for reguleringsplanarbeidet.

I arbeidet med risiko- og sårbarheitsvurderinga vert aktuelle tiltak for å redusere risiko og sårbarheit identifisert. Dette vil vere nye tiltak eller forbetringar. Tiltaka kan påverke sannsynet for dei uønska hendingane, årsak, sårbarheit, konsekvensar og usikkerheit. Tiltaka kan følgjast opp med omsynssoner, føresegner, arealformål, rekkefølgekrav etc.

Det vert understreka at det alltid vil vere ein grad av usikkerheit knytt til risikovurderinga. Tilgang på relevant kunnskapsgrunnlag vil påverke usikkerheit.

Usikkerheit knyter seg til ei vurdering av om, og eventuelt når, ei uønska hending vil inntreffe, omfanget av hendinga og kva konsekvensane av hendinga vil bli. Hensikten med å vurdere usikkerheita er å synleggjera behovet for ny eller auka kunnskap om planområdet.

TEK17 opererar med sikkerhetsklassar. Dette innebær at det aksepterast ulik sannsyn for hendingar etter byggets/byggeområdets funksjon. Det skillast på sikkerheitsklassar for flaum som normalt ikkje medførar fare for menneskeliv (F) og sikkerheitsklassar for skred og flaum som kan medføre fare for menneskeliv (S).

Definisjon av sentrale omgrep i ROS-analysen

- *Sannsyn*: Eit mål for kor truleg det er at ei bestemt hending skal inntreffe i planområdet innanfor eit visst tidsrom.
- *Sårbarheit*: Vurderer motstandsevna til utbyggingsformålet, samfunnsfunksjonane og ev. barrierar, og evne til gjenoppretting.
- *Konsekvens*: Verknaden den uønska hendinga kan få i eit planområde eller for utbyggingsformålet.
- *Usikkerheit*: Handlar om å vurdere kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for ROS-vurderinga.
- *Barrierar*: Eksisterande tiltak, f.eks. flaum/skredvoll, sikkerheitssoner rundt farleg industri, eller varslingssystem som kan redusere sannsyn for og konsekvensen av ei uønskt hending.
- *Tiltak*: I oppfølging av funn frå ROS-vurderinga kan det bli avdekka behov for tiltak for å redusere risiko og sårbarheit. Dette kan vere forbetringar i barrierar eller nye tiltak.

2. Overordna vurdering

Hjartdal kommune si «Heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse» sist revidera 02.05.2024 ligg til grunn for den overordna vurderinga. I kommunens analyse er sannsyn delt inn i ei 5-delt skala.

a) Sannsynlighetskategoriar

Begrep	Forklaring
Svært lav (1)	Sjeldnare enn 1 hending pr 100 år
Lav (2)	1 gang pr 50 til 100 år
Middels (3)	1 gang pr 10 til 50 år
Høy (4)	1 gang pr år til 10 år
Svært høy (5)	Meir enn 1 gong i året

Figur 2. Utklipp fra "Heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse, Hjartdal kommune.

Kommunen har i sin overordna analyse komme fram til at følgjande 19 hendingar kan vere aktuelle i kommunen:

- Ekstremvær – Vind og nedbør
- Flaum i hovudvassdrag
- Snø-, sørpe-, stein-, jord- og lausmasseskred
- Smittespreiing - Epidemi/pandemi og svikt i legemiddelforsyning
- Veg - Større trafikkulukke, tungbilulukke, ulukke i tunnel og bussulukke
- Næringsverksemd – tankanlegg
- Atomulykke – Stort luftbårent utslipp
- Stor brann
- Skogbrann
- Dambrudd i Hjartdølavassdraget
- Vassforsyning – Bortfall av vassforsyning under 2 døgn og bortfall av vassforsyning over 2 døgn
- Svikt i avløp
- Energiforsyning - Bortfall av straum under 2 døgn og bortfall av straum over 2 døgn
- Langvarig utfall av telefoni/mobiltelefoni, datakommunikasjon, datanettverk og alarmsystem
- Trusler/terrorhandling

- Trussel om/eller borføring av barn og trussel- og voldshandlingar knytt til verksemder
- Krisekommunikasjon – kommunikasjonsstrategi ved uønska hending

Nedanfor er uønska hendingar som er knytt til arealbruk frå den overordna ROS-analysa lista opp og vurdering gjengjeve med utsnitt frå kommunens analyse. De øvrige hendingane vurderast å ikkje vere spesifikke for enkelt områda eller vere knytta til konkret arealbruk.

- Ekstremvær – Vind og nedbør
- Flaum i hovudvassdrag
- Snø-, sørpe-, stein-, jord- og lausmasseskred
- Veg - Større trafikkulukke, tungbilulukke, ulukke i tunnel og bussulukke
- Stor brann
- Skogbrann
- Dambrudd i Hjartdølavassdraget
- Vassforsyning – Bortfall av vassforsyning under 2 døgn og bortfall av vassforsyning over 2 døgn
- Svikt i avløp
- Energiforsyning - Bortfall av straum under 2 døgn og bortfall av straum over 2 døgn
- Langvarig utfall av telefoni/mobiltelefoni, datakommunikasjon, datanettverk og alarmsystem

2.1. Ekstremvær – vind og nedbør

RISIKOVURDERING AV NÅSITUASJONEN:

Sannsynlighet	4 - Høg	

Konsekvens	1 Svært liten	2 Liten	3 Middels	4 Stor	5 Svært stor
Liv og helse		x			
Stabilitet		x			
Natur og miljø			x		
Materielle verdiar				x	

Totalrisiko	16

BEHOV FOR YTTERLIGERE RISIKOREDUSERENDE TILTAK? JA/NEI - JA

- Kartlegging av spesielt utsette områder bo-messig (grøfterensk og liknande)

FORSLAG TIL NYE KONSEKVENSREDUSERENDE TILTAK:

- Sakshandsaming innan plan og byggesak sikrar at det takast omsyn ved planlegging og bygging/installering. Dette gjeld både for plassering og dimensjonering
- Sakshandsaming innan plan og byggesak hindrar nedbygging av opne, naturlege flaumveger som kan handtere større flaumar
- Ved nybygging og rehabilitering av vegar, grøftar, bygg og installasjonar må det gjerast godt nok grunnarbeid, herunder bruk av meir erosjonssikker masse og tilstrekkeleg dimensjonering
- Innføre prosedyrer i aktuelle virksomheter om økt årvåkenhet når ekstremvær blir meldt
- Rydde skog langs private og offentlege vegar
- Fornying, vedlikehald og linjerydding av og ved straumlinjenett
- Gjennomgang av vegnettet med vurdering av tiltak mot ras, flaum, utglidning m.m.
- Kartlegging av utbetringsbehov i kommunale bygg for å gjere dei betre forberedt på klimaendringar

Nye tiltak overførast handlingsplanen.

FORVENTET RISIKO ETTER GJENNOMFØRTE TILTAK:

		12

2.2. Flaum i hovedvassdrag (Hjartdøla/Heddøla, Skogsåa)

RISIKOVURDERING AV NÅSITUASJONEN:

Sannsynlighet	5 – Svært høg (5-års flaum) 4 – Høg (50-års flaum)	

Konsekvens	1 Svært liten	2 Liten	3 Middels	4 Stor	5 Svært stor
Liv og helse	x x				
Stabilitet		x	x		
Natur og miljø	x	x			
Materielle verdiar	x		x		

Totalrisiko	10 12

BEHOV FOR YTTERLIGERE RISIKOREDUSERENDE TILTAK? JA/NEI: JA

FORSLAG TIL NYE FOREBYGGENDE (SANNSYNLIGHETSREDUSERENDE) TILTAK:

- Sikre eksisterande utsette områder – m.a. flaumvoll Sauland sentrum
- Sakshandsaming innan plan og byggesak sikrar at det takast omsyn ved planlegging og bygging/installering langs vann og vassdrag
- Søke NVE om bistand til ytterlegare utredning av flaumfare og planlegging og gjennomføring av sikringstiltak (kan gis inntil 80% statleg kostnadsdekning av tiltak)
- Etablere rutinar for overvaking og oppfølging av sårbare steder/objektar ved kraftig nedbør/vassføring. Bør prioritere bygg/installasjonar

FORSLAG TIL NYE KONSEKVENSREDUSERENDE TILTAK:

- Varsle og bistå offentlege myndigheiter (politiet)
- Varsle de som er mest utsett – eventuelt evakuere
- Rens av stikkrenner og kulvertar for å hindre vatn på avveg og sikre kapasitet ved flaum og store nedbørmengder

Nye tiltak overførast handlingsplanen.

FORVENTET RISIKO ETTER GJENNOMFØRTE TILTAK:

	5 8	

2.3. Skred (snø-, sørpe-, stein-, jord- og lausmasseskred)

RISIKOVURDERING AV NÅSITUASJONEN:

Sannsynlighet	4 - Høg	

Konsekvens	1 Svært liten	2 Liten	3 Middels	4 Stor	5 Svært stor
Liv og helse		x			
Stabilitet		x			
Natur og miljø			x		
Materielle verdiar				x	

Totalrisiko	16

BEHOV FOR YTTERLIGERE RISIKOREDUSERENDE TILTAK? JA/NEI - JA

FORSLAG TIL NYE FOREBYGGENDE (SANNSYNLIGHETSREDUSERENDE) TILTAK:

- Vurdere skredkart og innta føringar i kommuneplanens arealdel – eventuelt følge opp med forbod mot utbygging, skredsikre eventuelle eksisterande bebygde skredutsette områder, samt forsterke rutinane for gravemelding i eventuelle skredutsette områder m.m.
- Gjennomføre sikring av utsette områder (ved ev. avdekka behov)

FORSLAG TIL NYE KONSEKVENSREDUSERENDE TILTAK:

- Lage evakueringsplanar for eventuelle fareområder

Gjennomførte tiltak hindrar ikkje skade på eksisterande infrastruktur, men dei vil hindre at det vil bli ytterlegare konsekvensar.

Nye tiltak overførast handlingsplanen.

FORVENTET RISIKO ETTER GJENNOMFØRTE TILTAK:

		16

2.4. Veg - Større trafikkulukke, tungbilulukke, ulukke i tunnel og bussulukke

RISIKOVURDERING AV NÅSITUASJONEN:

Sannsynlighet	4 - Høg	

Konsekvens	1 Svært liten	2 Liten	3 Middels	4 Stor	5 Svært stor
Liv og helse			x		
Stabilitet	x				
Natur og miljø		x			
Materielle verdiar		x			

Totalrisiko	12

BEHOV FOR YTTERLIGERE RISIKOREDUSERENDE TILTAK? JA/NEI - JA

FORSLAG TIL NYE FOREBYGGENDE (SANNSYNLIGHETSREDUSERENDE) TILTAK:

- Følge nasjonal strategi for førebygging av ulykker som medfører personskade
- Utbetre vegar

FORSLAG TIL NYE KONSEKVENSREDUSERENDE TILTAK:

- Utarbeide EPS-plan
- Det må arrangerast samhandlings-øvingar mellom m.a. Hjartdal kommunes kriseleiing og naudetatane

Nye tiltak overførast handlingsplanen.

FORVENTET RISIKO ETTER GJENNOMFØRTE TILTAK:

	8	

2.5. Stor brann

RISIKOVURDERING AV NÅSITUASJONEN:

Sannsynlighet	4 - Høg	

Konsekvens	1 Svært liten	2 Liten	3 Middels	4 Stor	5 Svært stor
Liv og helse		x			
Stabilitet				x	
Natur og miljø		x			
Materielle verdiar			x		

Totalrisiko	16

BEHOV FOR YTTERLIGERE RISIKOREDUSERENDE TILTAK? JA/NEI - JA

FORSLAG TIL NYE FOREBYGGENDE (SANNSYNLIGHETSREDUSERENDE) TILTAK:

- Gjennomføre verksemdsROS på aktuelle stader
- Gjennomføre informasjons- og motivasjonstiltak

FORSLAG TIL NYE KONSEKVENSREDUSERENDE TILTAK:

- Beredskapssamarbeid innafor brann- og redningstenesta
- Tekniske-, bygningsmessige- og branntekniske tiltak (aktive og passive) i bygningar/objekt
- Utarbeiding av EPS-plan
- Etablere brannkummer/vannreservoar

Nye tiltak overførast handlingsplanen.

FORVENTET RISIKO ETTER GJENNOMFØRTE TILTAK:

		12

2.6. Skogbrann

RISIKOVURDERING AV NÅSITUASJONEN:

Sannsynlighet	4 - Høg	

Konsekvens	1 Svært liten	2 Liten	3 Middels	4 Stor	5 Svært stor
Liv og helse		x			
Stabilitet		x			
Natur og miljø				x	
Materielle verdiar			x		

Totalrisiko	16

BEHOV FOR YTTERLIGERE RISIKOREDUSERENDE TILTAK? JA/NEI - JA

FORSLAG TIL NYE FOREBYGGENDE (SANNSYNLIGHETSREDUSERENDE) TILTAK:

- Gjennomføre informasjons- og motivasjonstiltak om m.a. bålforbod frå 15.4 – 15.9
- Overvaking av skogsområde frå lufta
- Hugge branngater rundt hyttefelt

FORSLAG TIL NYE KONSEKVENSREDUSERENDE TILTAK:

- Beredskapssamarbeid innafor brann- og redningstenesta

Nye tiltak overførast handlingsplanen.

FORVENTET RISIKO ETTER GJENNOMFØRTE TILTAK:

		12

2.7. Dambrudd i Hjartdølavassdraget

RISIKOVURDERING AV NÅSITUASJONEN:

Sannsynlighet	1 – Svært lav	

Konsekvens	1 Svært liten	2 Liten	3 Middels	4 Stor	5 Svært stor
Liv og helse				x	
Stabilitet					x
Natur og miljø				x	
Materielle verdiar					x

Totalrisiko	5

BEHOV FOR YTTERLIGERE RISIKOREDUSERENDE TILTAK? JA/NEI - JA

FORSLAG TIL NYE KONSEKVENSREDUSERENDE TILTAK:

- Forberede kriseinformasjon til befolkninga om korleis dei skal forhalda seg til situasjonen
- Involvere anleggseigar som høyringspart ved eventuelle reguleringsplanar

2.8. Vassforsyning

Bortfall av vannforsyning under 2 døgn og bortfall av vannforsyning over 2 døgn

RISIKOVURDERING AV NÅSITUASJONEN:

Sannsynlighet	***4 - Høy (Under 1 døgn)*** ***2 - Lav (Over 1 døgn)***	

Konsekvens	**1** **Svært liten**	**2** **Liten**	**3** **Middels**	**4** **Stor**	**5** **Svært stor**
Liv og helse	x x				
Stabilitet	x	x			
Natur og miljø	x x				
Materielle verdiar	x	x			

Totalrisiko	**4**

BEHOV FOR YTTERLIGERE RISIKOREDUSERENDE TILTAK? JA/NEI - JA

FORSLAG TIL NYE FOREBYGGENDE (SANNSYNLIGHETSREDUSERENDE) TILTAK:

FORSLAG TIL NYE KONSEKVENSREDUSERENDE TILTAK:

- Hyppige øvingar for å trene på bl.a. gjennomføring av beredskapstiltak
- Rehabilitering og vedlikehald av leidningsnettet

2.9. Svikt i avløp

RISIKOVURDERING AV NÅSITUASJONEN:

Sannsynlighet	5 – Svært høg	

Konsekvens	1 Svært liten	2 Liten	3 Middels	4 Stor	5 Svært stor
Liv og helse	x				
Stabilitet	x				
Natur og miljø	x				
Materielle verdiar	x				

Totalrisiko	5

BEHOV FOR YTTERLIGERE RISIKOREDUSERENDE TILTAK? JA/NEI - NEI

- Rehabilitering og vedlikehald av leidningsnettet

2.10. Energiforsyning

Bortfall av strøm under 2 døgn og bortfall av strøm over 2 døgn

RISIKOVURDERING AV NÅSITUASJONEN:

Sannsynlighet	**4 - Høy (Under 2 døgn)** **2 - Lav (Over 2 døgn)**	

Konsekvens	**1** **Svært liten**	**2** **Liten**	**3** **Middels**	**4** **Stor**	**5** **Svært stor**
Liv og helse	X X				
Stabilitet	X	X			
Natur og miljø	X X				
Materielle verdiar	X	X			

Totalrisiko	**4**

BEHOV FOR YTTERLIGERE RISIKOREDUSERENDE TILTAK? JA/NEI: **NEI**

FORSLAG TIL NYE FOREBYGGENDE (SANNSYNLIGHETSREDUSERENDE) TILTAK:

- Tilstrekkeleg vedlikehald av straumnettet (Kraftforsyninga)
- Utarbeide både overordna og verksembaserte beredskapsplanar for energiforsyning

FORSLAG TIL NYE KONSEKVENSREDUSERENDE TILTAK:

- Informere befolkninga om eigenberedskap ved straumbrot
- Legge planer for evakuering av enkeltpasientar med livsviktig medisinsk utstyr i heimane samt gjennomgå rutinane for heimetenesta for oppfølging av brukarane ved uønskte hendingar
- Etablera avbrotsfri straumforsyning på legekontor
- Gjennomføre øvingar i straum-bortfall

2.11. Langvarig utfall av telefoni/mobiltelefoni, datakommunikasjon, datanettverk og alarmsystem

RISIKOVURDERING AV NÅSITUASJONEN:

Sannsynlighet	4 - Høg	

Konsekvens	1 Svært liten	2 Liten	3 Middels	4 Stor	5 Svært stor
Liv og helse		x			
Stabilitet				x	
Natur og miljø	x				
Materielle verdiar			x		

Totalrisiko	16

BEHOV FOR YTTERLIGERE RISIKOREDUSERENDE TILTAK? JA/NEI - JA

FORSLAG TIL NYE FOREBYGGENDE (SANNSYNLIGHETSREDUSERENDE) TILTAK:

FORSLAG TIL NYE KONSEKVENSREDUSERENDE TILTAK:

- Fortsette arbeidet med sikring av backupsystem og regional infrastruktur
- Fortløpende vurdere sikkerhetssystemer for å redusere mulighet for datakriminalitet
- Kvalitetssikring og utbygging av kjernenett og lokale nett i regional infrastruktur.
- Prosessforbetring i ITIL i K-IKT
- Øve på hendingar og samordning, både IKT-teknisk og tenesteleveranse
- Fortsette arbeidet med god kompetanse i kommunen med tanke på informasjonssikkerhet
- Utarbeide kommunikasjonsplaner som ikke involverer e-kom
- Utarbeide en plan for hvordan befolkningen kan få tak i naudetatene og livsviktige kommunale tjenester uten bruk av telefon og data
- Fortsette arbeidet med redundans i IKT-løysningane
- Ha et realistisk forhold til reserveløsninger og de mulighetene/begrensningene dette innebærer
- Alltid ha papirversjonar av viktige data tilgjengeleg

Nye tiltak overførast handlingsplanen.

FORVENTET RISIKO ETTER GJENNOMFØRTE TILTAK:

	6	

3. Vurdering av nye utbyggingsområder

I fyrste versjon av dette dokumentet, datera 24.01.2025, blei det utarbeida ei ROS-analyse for alle områda som blei spilt inn til rullering av kommuneplana og som blei tatt med vidare til konsekvensutgreiing etter politisk behandling. Oppsummeringa av desse analysane for alle områdane er inkludert i konsekvensutgreiinga.

I siste revisjon av dette dokumentet er det kun dei områda som helt eller delvis er tatt med i planforslaget som inngår. Dei områda som er tatt med i planforslaget etter konsekvensutgreiinga og vurdering framgår av tabell 3-1.

3.1. Oversikt over nye areal for utbygging i kommuneplanen


Tabell 3-1 Oversikt over nye arealer for utbygging

ID	Områdenavn/eiendom	Dagens formål	Foreslått formål
Nr 39	Sauland, 66/1	LNFR	Bustad
Nr 50	Sauland, 72/2	LNFR, omsynssone flaumfare	Sentrum
Nr 51A	Dalen aust	LNFR	Bustad
Nr 51B	Dalen vest	Idrett	Bustad
Nr 36	Alpelandsbyen Tuddal	LNFR, fritidsbustader og omsynssone overføringsliner for energi	Fritids- og turistformål
Nr 6	Tuddal, 107/3	LNFR og omsynssone overføringsliner for energi	Fritidsbustad
Nr 15	Tuddal, 97/126	LNFR spredt fritidsbustad	Fritidsbustad
Nr 53	94/5	LNFR	Fritidsbustad
Nr 46A	Gvålsheia hyttefelt	LNFR	Fritidsbustad
Nr 46B	84/15	LNFR, friluftsområde/alpinområde, skitrekk og felles grøntareal	Fritidsbustad
Nr 48D	Kleppen, 68/1	LNFR	Idrett
Nr 48E	Kleppen, 68/1	LNFR	Idrett
Nr 9A	Kovstulheia	LNFR og fritidsbustad	Fritidsbustad
Nr 48A	Bøehaugen	LNFR	Omsynssone friluftsliv

Nr 48B	Kleppen	LNFR	Omsynssone friluftsliv
Nr 26B	Skiløype Ålamoen	LNFR	Omsynssone friluftsliv
Nr 26A	Turveg Sauland	LNFR, sentrumsformål og idrett	Omsynssone friluftsliv
Nr 42 J	Sjotmoen	LNFR med omsynssone geologisk ressurs	Råstoffutvinning
NR 45	Nordre Kjelldalen Solcellepark	LNFR	Bandlagt etter anna lovverk
Nr 55	Tuddal, Kovstul 97/1, 97/2	LNFR	Kombinert formål fritidsbustad og fritid- og turistformål
Nr 23	Kovstulvatnet/Toskjærvatnet	LNFR	Råstoffutvinning

3.2. Vurdering av innspillsområder



3.2.1. Nr 39 Sauland, 66/1

Forslag	Gnr./bnr.	66/1
	Arealstørrelse	34 daa
	Føremål i gjeldande plan	LNFR
	Foreslått føremål	Bustad
	Kort omtale av forslaget	Område mellom elva og Frølandsvegen. Ønsker bustadtomter. Sentralt for barnefamilier. Nær infrastruktur. Området gror i dag igjen.
	Forslagsstillar	Leiv Krosshus
Kart	*Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA*   Avgrensing av området er trukket 10m frå elvekant i endeleg areal.	

Uønskt hending	Risiko			Omtale	Forslag til risiko-reduserande tiltak
	Liv/ helse	Stabilitet	Materielle verdiar		
Ekstremvær – Vind og nedbør/overvatn				Ikkje spesielt utsett for vind, ingen dreneringslinjer gjennom området.	
Flaum				Heile området er innanfor 200-årsflaumsone, heile området er innanfor 50-årsflaumsone og omtrent heile området er innanfor 10-årsflaumsone. Flaumberekninga er så gammal at den ikkje inkluderer anbefalt klimapåslag for Hjartdøla (20 % ifølge Klimaprofil Telemark - Norsk klimaservicesenter)	Utgreie og inkludere sikringstiltak mot flaum i neste planfase. Det er ikkje gitt at området kan sikrast tilstrekkeleg mot flaum utan å gi verknader for areal nedstraums eller oppstraums.

					
Skred				Ikkje innanfor aktsemd- eller faresone for skred, men erosjon langs vassdrag kan vere ei problemstilling her.	Erosjonsfare og sikring mot vassdrag må utgreiast i neste planfase.
Stor ulykke langs veg				Ikkje direkte tilkomst til E134. Ikkje vesentleg auke i trafikk. Ikkje registrert ulykker i direkte nærleik	
Stor bygningsbrann				Rundt 20 min køyreavstand frå brannstasjon. Mest truleg frittliggande bustadar med avstand som hindrar brannspreiing.	Utgreie behov for branntiltak i neste planfase. Legge til rette for god tilgang for utrykkingskøyretøy.
Skogbrann				Generelt lågt skogbrannpotensial (NIBIO) i området rundt, grensar ikkje direkte til andre skogområde (elva i mellom).	
Dambrot				Nedstraums damanlegg og lågareliggande areal. Svært lågt sannsyn.	
Svikt i tekniske anlegg (drikkevatn, avløp, kraftforsyning, EKOM)				Sentral plassering, kan truleg koplast til offentleg nett.	
ROS, samla vurdering: Område med stor flaumfare (10-års flaum) som vil krevje sikringstiltak. Usikkert om sikringstiltak kan gjennomførast utan å forverre flaumsituasjonen oppstraums eller nedstraums. I tillegg må erosjonssikring utgreiast og behov for branntiltak vurderast i neste planfase.					


3.2.2. Nr 50 Sauland, 72/2

Forslag	Gnr./bnr.	72/2
	Arealstørrelse	6 daa
	Føremål i gjeldande plan	LNFR, omsynssone flomfare, gjennomføringssone krav om felles planlegging
	Foreslått føremål	Bustad
	Kort omtale av forslaget	Ønsker bustad. Kommunen har kjøpt gårdstunet og ønsker å etablere boliger innenfor helse og omsorg.
	Forslagsstillar	Hjartdal kommune
Kart	*Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA*   *Arealet er justera mot dyrka mark i endeleg avgrensing.*	


Uønskt hending	Risiko			Omtale	Forslag til risiko-reduserande tiltak
	Liv/ helse	Stabilitet	Materielle verdiar		
Ekstremvær – Vind og nedbør/overvatn				Ikkje spesielt utsett for vind, ingen dreneringslinjer gjennom området.	
Flaum				Delar av området er innanfor 200-årsflaumsone. Flaumberekninga er så gammel at den ikkje inkluderer anbefalt klimapåslag for Hjartdøla (20 % ifølge Klimaprofil Telemark - Norsk klimaservicesenter)	Neste planfase må utgreie og inkludere sikringstiltak mot flaum.
Skred				Ligg delvis innanfor aktsemdsområde for kvikkleireskred.	Utgreie områdestabiliteten i neste planfase.
Stor ulykke langs veg				Direkte åtkomst til E134. Ikkje registrerte ulykker ved avkøyring. Lite område som vil gi avgrensa auke i trafikk.	
Stor bygningsbrann				Rundt 20 min køyreavstand frå brannstasjon. Sentralt,	Utgreie behov for branntiltak i neste planfase. Legge til

				kan vere aktuelt med meir konsentrert busetnad.	rette for god tilgang for utrykkingskøyretøy.
Skogbrann				Ikkje skog i området eller umiddelbar nærleik.	
Dambrot				Nedstraums damanlegg og lågareliggande areal. Svært lågt sannsyn.	
Svikt i tekniske anlegg (drikkevatn, avløp, kraftforsyning, EKOM)				Kan knytast til offentleg nett.	
ROS, samla vurdering: Området er utsett for 200-års flaum som vil krevje sikringstiltak og områdestabilitet må undersøkast. Behov for branntiltak bør vurderast i neste planfase.					

3.2.3. Nr 51A Dalen aust


Forslag	Gnr./bnr.	49/1 og 49/26
	Arealstørrelse	7
	Føremål i gjeldande plan	LNFR. Omsynssone kulturmiljø.
	Foreslått føremål	Bustad
	Kort omtale av forslaget	Kommunen har kjøpt gardstunet og ønsker å etablere mindre bustader her
	Forslagsstillar	Hjartdal kommune
Kart	*Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA*  *Arealet er avgrensa mot dyrka mark i endeleg avgrensing.*	


Uønskt hending	Risiko			Omtale	Forslag til risiko-reduserande tiltak
	Liv/ helse	Stabilitet	Materielle verdiar		
Ekstremvær – Vind og nedbør/overvatn				Ikkje spesielt utsett for vind. Ingen dreneringslinjer.	
Flaum				Ikkje utsett for flaum.	

Skred				Innanfor aktsemdssone for snøskred. Kartlaget «S2 snøskred m skogeffekt» antydar at skogen i nordaust har stor skredvernverdi. Liten del av området i nordaust ligg innanfor aktsemd for jord- og flaumskred: 	Skredfare må greiast ut i neste planfase.
Stor ulykke langs veg				Liten auke i trafikk.	
Stor bygningsbrann				Rundt 35 min køyreavstand frå brannstasjon. Mest truleg frittliggande bustadar med avstand som hindrar brannspreiing.	Utgreie behov for branntiltak i neste planfase. Legge til rette for god tilgang for utrykkingskøyretøy.
Skogbrann				Spreidd skog med i stor grad lågt skogbrannpotensial (NIBIO) i området rundt.	
Dambrot				Ikkje aktuelt.	
Svikt i tekniske anlegg (drikkevatn, avløp, kraftforsyning, EKOM)				Antar at det ikkje er mogleg å kople til offentleg anlegg.	
ROS, samla vurdering: Ligg innanfor aktsemdssone for snøskred og delvis jord- og flaumskred, reel fare må utgreiast og handterast i neste planfase. Behov for branntiltak bør vurderast i neste planfase.					

3.2.4. Nr 51B Dalen vest


Forslag	Gnr./bnr.	49/1 og 49/26
	Arealstørrelse	7
	Føremål i gjeldande plan	Idrett
	Foreslått føremål	Bustad
	Kort omtale av forslaget	Område er i dag skogkledd, men er avsett til idrett i gjeldande KPA. Kommunen har erverva eigedomen med ønskje om å utvikle bustader her.
	Forslagsstillar	Hjartdal kommune

Kart	*Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA*  Arealet er trukket tilbake 10 meter frå elvekant i endeleg avgrensing.

Uønskt hending	Risiko			Omtale	Forslag til risiko-reduserande tiltak
	Liv/ helse	Stabilitet	Materielle verdiar		
Ekstremvær – Vind og nedbør/overvatn				Ikkje spesielt utsett for vind. Ingen dreneringslinjer.	
Flaum				Delar av området ligg innanfor aktsemdssone for flaum. 	Utgreie reel flaumfare i neste planfase.
Skred				Aktsemdssone for snøskred grensar til området i nord. Kartlaget «S2 snøskred m skogeffekt» antydar at skogen i nordaust har stor skredvernverdi.	
Stor ulykke langs veg				Liten auke i trafikk.	
Stor bygningsbrann				Rundt 35 min køyreavstand frå brannstasjon. Sannsyn vert vurdert til middels.	Utgreie behov for branntiltak i neste planfase. Legge til rette for god tilgang for utrykkingskøyretøy.
Skogbrann				Skogkledt område med lågt skogbrannpotensial (NIBIO). Grensar delvis til andre skogsområde.	

Dambrot				Ikkje aktuelt.	
Svikt i tekniske anlegg (drikkevatn, avløp, kraftforsyning, EKOM)				Antar at det ikkje er mogleg å kople til offentleg anlegg.	
ROS, samla vurdering: Ligg innanfor aktsemdssone for flaum, reel fare må utgreiast og handterast i neste planfase. Behov for branntiltak bør vurderast i neste planfase.					

3.2.5. Nr. 36 Alpelandsbyen Tuddal



Forslag	Gnr./bnr.	-
	Arealstørrelse	I beskrivelsen: 2900-3500 daa. I kartet: 2410 daa.
	Føremål i gjeldande plan	LNFR, fritidsbusetnad og omsynssone overføringsliner for energi
	Foreslått føremål	Fritids- og turistføremål
	Kort omtale av forslaget	Sju grunneigarar har gått saman om å leggje inn sine areal som ein felles satsing på å utvikle eit nytt område som ligger mellom sentrum ved Bøen krysset og Toskjær området i Tuddal med fritidsbustader og alpinanlegg
	Forslagsstillar	Jan Egil Skårdal mfl.
Kart	*Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA*  *Utbyggerane har i etterkant spilt inn ønske om at området utvidast nordover slik at det grenser inntil innspela 1 og 6. Arealet er i endeleg avgrensing også avgrensa mot naturtypelokaliteter i vest.*	

Uønskt hending	Risiko			Omtale	Forslag til risiko-reduserande tiltak
	Liv/ helse	Stabilitet	Materielle verdiar		
Ekstremvær – Vind og nedbør/overvatn				Dekker ein rygg i landskapet, busetnad kan bli vindutsett. Fleire dreneringslinjer innanfor området som må takast omsyn til for å unngå overvassfare.	Utgreie overvatn og ta omsyn til dreneringslinjer i neste planfase. Ta omsyn til vind ved plassering av bygg i reguleringsplan og detaljprosjektering

					(f.eks. val av kledning, mm.)
Flaum				Ein bekk i innspelsområdet ligg med aktsemdssone for flaum.	Utgreie reel flaumfare i neste planfase.
Skred				Det er fleire områder med aktsemdssone for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred i innspelsområdet.	Utgreie reel skredfare i neste planfase.
Stor ulykke langs veg				Ikkje avklart kva avkøyringar som blir aktuelle ved utbygging. Det er ikkje registrert ulykker ved mest sannsynleg utkøyring til fylkesvegen i sentrum av Tuddal. Forhaldsvis lågt trafikknivå (ÅDT frå 150-600). Fullt utbygd innspel, inkl. alpinanlegg, vil skape ein god del ny trafikk.	Trafikk og trafikksikkerheit må utgreiast i neste planfase dersom det vert tilrettelagt for arealbruk som gir vesentleg meir trafikk.
Stor bygningsbrann				Rundt 40 min køyreavstand frå brannstasjon. Innspel om tiltak som gir bygg/tiltak med mykje personopphald.	Utgreie behov for branntiltak i neste planfase. Legge til rette for god tilgang for utrykkingskøyretøy.
Skogbrann				Grensar til samanhengande skogområde med høgt skogbrannpotensial (NIBIO). Sannsyn vert vurdert til middels.	Legge til rette for oppstilling av sløkkjemateriell i neste planfase.
Dambrot				Ikkje aktuelt	
Svikt i tekniske anlegg (drikkevatn, avløp, kraftforsyning, EKOM)				Delar av området ligg innanfor utvida distrikt for Russmarken VA og kan delvis knytast til offentleg VA.	
ROS, samla vurdering: Fleire risikopunkt. Dreneringslinjer og overvatn må greiast ut for å hindre fare, det er aktsemdssone for flaum, snøskred og jord- og flaumskred i området, innspel som kan gi vesentleg auke i trafikk og trafikksikkerheit må greiast ut, samt brannsikkerheit greiast ut på neste plannivå.					

3.2.6. Nr 6 Tuddal, 107/3

Forslag	Gnr./bnr.	107/3
	Arealstørrelse	746
	Føremål i gjeldande plan	LNFR med omsynssone for overføringsliner for energi
	Foreslått føremål	Fritidsbusetnad
